



Bjarte Sørhaug  
Tuftamyra 1  
5911 ALVERSUND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/7459 - 14/25587

Saksbehandlar:  
Eilin Houlison  
Eilin.Houlison@lindas.kommune.no

Dato:  
17.11.2014

## Førebels svar - trong for tilleggsdokumentasjon gbnr 137/634

### FØREBELS SVAR PÅ SØKNAD OM LØYVE TIL OPPFØRING AV GARASJE/TRONG FOR TILLEGGSDOKUMENTASJON TIL SØKNADEN

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 12.11.14.

#### Mottakskontroll

Eigedomen gbnr. 137/634 er regulert og omhandla i reguleringsplan «Ikenberget delar av Alver utmark». Planen har status som gjeldande. Det er regulert byggegrense langs heile eigedomens grense mot vegareal. Den omsøkte garasjen ligg i hovudsak utanfor regulert byggegrense og det er difor naudsynt med søknad om dispensasjon.

Alternativt kan de justere plassering av garasjen slik at den ikkje kjem i konflikt med regulert byggegrense. Om de vel å søkje dispensasjon, eller alternativt å justere plasseringa, må tiltaket uansett nabovarslast på nytt.

Garasjen er plassert nærare vegmidte til kommunal veg enn 15 m, det må difor søkjast lokale vegmyde om dispensasjon frå fråstandskravet til kommunal veg, jf. veglova § 29, 2.ledd. Søknad sendast Lindås Kommune v/Teknisk drift - Vegavdelinga, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø.

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Tiltakshavars signatur på søknadsskjema, søknaden er ikkje å rekne som komplett utan signatur.
2. Det må søkjast om dispensasjon for omsøkt plassering med omsyn til regulert byggegrense. Søknad om dispensasjon skal vere grunngjeven og fordelane med å sette planen til side må overvege ulempene.
3. Det må søkjast om dispensasjon frå avstandskrav frå takutstikk til vegmidte, jf. veglova § 29, de kan nytte vedlagd skjema og rettleiar for å søkje dispensasjon frå vegmidte.
4. Tiltaket må nabovarslast på nytt, det skal gå fram av nabovarsel kva det søkjast om dispensasjon frå.
5. Terrengsnitt som syner eksisterande og ferdig plannert terreng i høve garasje og vegbane.



6. Situasjonsplan påført avstand til grense og vegmidte, samt høgdeplassering ferdig golv garasje (gjeve i meter over havet).

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 05.01.2015. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka arkivert utan vidare handsaming. Når saka er arkivert utan handsaming må det sendast inn full ny søknad.

#### Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

#### Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama. Det vert fakturert eige gebyr for dispensasjonshandsaming, uavhengig av utfall. Gebyrregulativet finn de her:

<http://www.lindas.kommune.no/prisar.309686.nn.html> (Gebyrregulativ teknisk sektor.pdf)

Med helsing

Tor Hegle  
einingsleiar

Eilin Houlison  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### Vedlegg:

Kartutsnitt gbnr\_137\_634  
retteleiar byggegrense mot veg  
Skjema disp byggegrense kommunal veg generelt feb 2012

#### Kopi til:

Kinn Arkitektar AS	Postboks 531	6903	FLORØ
--------------------	--------------	------	-------

#### Mottakarar:

Bjarte Sørhaug	Tuftamyra 1	5911	ALVERSUND
----------------	-------------	------	-----------